

LEIGE AV GRUNN

Utleigar: Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

Leigetakar: Ølen Betong AS, org.nr. 953 685 124
Bjoavegen 191
55 82 Ølensvåg

1. Leigeobjekt

Hordaland fylkeskommune er eigar av eigedomen gnr. 97, bnr. 1 på Stend i Bergen kommune.

Avtalen gjeld arealet Bakvollen på ca 10 da som er ein del av gnr. 97, bnr. 1. Arealet er vist på vedlagte kart.

2. Bruksformål

Leigetakar skal nytte arealet til mobil betongproduksjon og tilhøyrande aktivitetar. I tillegg vil det vere brakkebygningar for administrasjon og opphald for tilsette på arealet.

Bruken av området er ei vidareføring av aktivitetar som vert utført av leigetakar i dag. Gjeldande leigekontraktar mellom Hordaland fylkeskommune og Ølen Betong AS omfattar eit areal på 7 da og har ei varigheit fram til 31.12.2019.

Leigetakar har i kontraktstida høve til å nytte Stendakaien på gnr. 97, bnr. 1 til innskiping av natursand til bruk i betongproduksjonen. Vilåret er at leigetakar utfører og kostar vedlikehald av kaien, inkl. mudring og opprensning av sjøbotnen utanfor, saman med øvrige brukarar. Vedlikehaldet skal vere slik at kaien er i forsvarleg og brukande stand.

Gjennom den nye avtalen vert arealet utvida med 3 mål, leigetida vert utvida, og bruken av Stendakaien vert formalisert.

3. Leigetid

Avtalen gjeld fra 01.01.2020 fram til 31.12.2029, med opsjon på 5 nye år.

Varsel om å gjere opsjonen gjeldande må meldast skriftleg til utleigar seinast 31.12.2028.

4. Vilkår

Leigetakar plikter å innhente alle nødvendige løyve frå offentlege myndigheiter. Det er ein føresetnad for avtalen at all verksemnd som leigetakar driv på arealet i

S. K. S. J. P.


leigeperioden er lovleg og i samsvar med dei krav og retningslinjer som gjeld for disponering av grunnen i dette området.

5. **Pris**
Årsleiga er sett til kr 60.000 pr. da, som gjev ei årleg leige på kr 600.000. Leiga vert å betale forskotsvis med forfall 15. mai kvart år. Årsleiga skal justerast i mai kvart år – første gong i mai 2020 - i samsvar med endringa i SSB sin «Konsumprisindeks» med basis i indeksen desember 2016 .
Årsleiga vert fakturert frå utleigar.
6. **Framleige**
Framleige er ikkje tillete utan samtykke frå utleigar.
7. **Opphøyr**
Ved opphøyr av avtalen pliktar leigetaker i samråd med utleigar å fjerne installasjonar og levere arealet tilbake med planert overflate, eigna for vidare utleige til næringsformål. Oppryddingsarbeidet skal vere ferdig utført og godkjent av utleigar innan sluttdato for leigeavtalen.
8. **Tvist**
Eventuelle tvistar som gjeld denne avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift.

Bergen, den 24/5 2017


Hordaland fylkeskommune

Bergen, den 11/4 2017


Ølen Betong AS

 Ølen Betong AS
5582 Ølensvåg, Tlf. 53 77 52 00

6721 939 N

-33 661 Ø



-34 077 Ø

6 721 661 N



Koordinatsystem: ETRS89/UTM sone 33N

0 50 m

1:1 500 (format: A4 liggende)

Utskriftsdato: 19.04.2017

NORGE  BILDER